

**Fra:** Ronny Skaar  
**Sendt:** 19. september 2014 15:54  
**Til:** Anette Durr Thomassen  
**Emne:** VS: Ålmenne kulturføremål 2014

Hei. Kan du journalføre denne?

---

**Fra:** Ronny Skaar  
**Sendt:** 19. september 2014 15:51  
**Til:** 'naturopp@online.no'  
**Emne:** Ålmenne kulturføremål 2014

Til Per Bremnes

Vi syner til din epost av 24. juli 2014.

Kultur- og ressursutvalet tildelte i møte 13. mai 2014 kr 15.000 til Ellen Sigmond som stønad til utfyllande undersøkingar mellom Simadalen og Haugastøl sommaren 2014 i samband med Bispevei-prosjekt.

Grunngjevinga var følgjande:

*Søkjær har bakgrunn frå geologiske forskingsmiljø ved universitet. Ho brukar geologiske forskingsmetodar for å kartleggje kulturhistorie, dvs. i dette prosjektet Bispeveien over fjellet. Dette kan vere eit interessant element i ei breiare utgreiing av temaet, og det tilrås difor ei delvis innvilging av søknadssummen.*

Hordaland fylkeskommune har ikkje noko fagleg ansvar for prosjektet, og er heller ikkje deltakar i det. For faglege spørsmål om prosjektet, må tiltakshavar kontaktast. Hordaland fylkeskommune har ikkje noko å tilføya utover det som går fram av grunngjevinga.

I eposten din, skriv du at du søker Hordaland fylkeskommune om tilsvarande sum som er tildelt Ellen Sigmond. Søknaden din er dessverre ufullstendig, men er registrert motteke innan fristen 15. september. Hordaland fylkeskommune treng i tillegg ei konkret projektskildring, plan for gjennomføring, finansieringsplan og budsjett.

Om du ønskjer at søknaden skal koma med i handsaminga av «Ålmenne kulturføremål» hausten 2014, ber eg deg stadfesta dette og ettersende opplysningane innan utgangen av neste veke (veke 39).

Søknaden kan sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka «2014/19333»

Venleg helsing

**Ronny Skaar**

Seksjonsleiar/Utviklingssjef

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 91 77 | Mob: 930 23 928

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)